

Ein frigjerande klassikar fr

Slaattelids omsetjing kjennest så rett og flyt så fint og ein gløymer at det er innfløkte filosofiske og teologiske

FILOSOFI

AUGUSTIN:

Confessiones

OMSETT AV ÅSMUND FARESTVEIT OG HERMUND SLAATELID. MED INNLEIING, MERKNADER OG ETTERORD AV HERMUND SLAATELID
DET NORSKE SAMLAGET

Endeleg: Noreg har fått den fyrste fullstendige omsetjinga av Augustins *Confessiones*. Det tok 66 år. Sokneprest Åsmund Farestveit sette om dei ni første bøkene som kom ut som siste band i Det Norske Samlagets serie *Klassiske Bokverk* i 1943, med innleiing av teologen Einar Molland. Utgåva vart «varsamt modernisert» for Orionserien i 1965 og er sidan trykt opp att slik.

No er då teksten åt Farestveit «varsamt ført attende» til hans eiga målføring, av Hermund Slaattelid, som sjølv har sett om dei fire siste bøkene frå latin. Å ta vare på Farestveit og gje honom målføringa attende er godt gjort på fleire vis: Omsetjinga hans er klår og tydeleg og med ein rikdom i ordvalet som fylgjer av at skiljet mellom høgstil og lågstil ikkje er respektert, og vi møter heller ikkje det flate mellomstilkompromisset som er så vanleg i norsk fagprosa og omsett litteratur.

UTFORDRINGAR

Det er mest uråd å skjone kor store utfordringar dette omsetjingsarbeidet må ha ført med seg. Augustin var ein noggrann språkbrukar og bygde opp eit system av meiningar i samsvar med sin eigen språk- og teiknteorii. Ikkje så få omsetjarar og tolkarar til viktige språk har i tidlegare tider sett om delar av *Confessiones* slik at Augustin er vorten sær (uturvande) innfløkt å forstå på desse områda; ein har rett og slett ikkje hatt gode nok analysar. Det fanst eit dominerande, fastlåst syn som forklåra idélæra til Augustin nokså firkanta som ein variant av manikeisme og gjorde honom


til ein deterministisk teolog, der menneska var tvangsmessig underlagde arvesynda og ein syndig lekam.

Fornya blick på heilskapen kom fyrst etter mangfaldige tiår med internasjonale diskusjonar om språketeori. Det språkfilosofiske perspektivet omdanna Augustin-forståinga, på fleire måtar, og gjorde dermed dei fire siste bøkene i *Confessiones* – desse vedkjeningane som i lange strekkjer helst ter seg som lovsongar over livet, opplevinga og forståinga – langt meir relevante enn før. Sidan 1970-åra er det såleis kome mykje ny forskning omkring mellomalderlege språketeoriar, der språkforståinga, historieteorien og tolkingsteoriane til Augustin sjølvsagt har vore sentrale emne.

INNLEVD

Hermund Slaattelid er så innlevd i innhaldet og så velkjend med slike diskusjonar – han har då òg tidlegare gjort nyomsetjingar av sentrale antikke retorikketeorietikkarar som Cicero og Quintilian – at han tydelegvis har utvikla heilt klare og gjennomførte oppfatningar om kva som er tanke- og meininguniverset til Augustin. Dermed kan han sjå til sides for alle slag småskorne spesialistkranglar og vere så trygg at han slepp å skrive knudrete og utilgjengeleg. Slik får han i denne teksten som så ofte er vorten rekna som vanskeleg, ein fri og overraskande munnleg tone fram. Dei siste fire bøkene er forma som samtalar Augustin fører dels med Herren, dels med ein tenkt lesar.

I motsetnad til fleire omsetjingar til dei store språka, verkar ikkje Augustin pirkete pedantisk på nynorsk; å lese spørsmålma han stiller, og svara han lokkar fram, er som å ta del i ein venskapleg samtale. Augustin skriv nynorsk utan at eit einaste resonnement vert oppstyltra, med setningsbygning og omgrepbruk som kjennest så rett og flyt så fint, og ein gløymer at det er innfløkte filosofiske og teologiske spørsmål



Slaattelid kan sjå til sides for alle slag småskorne spesialistkranglar og vere så trygg at han slepp å skrive knudrete og utilgjengeleg.

ein les om, for teksten talar så beint til lesaren som det er freistande å tru at Augustin sjølv må ha meint det, ein gong. For meg kjem Augustin heretter alltid til å tale med røysta til Slaattelid.

SPRÅKFILOSOFI

Grunntanken til Augustin kan i stutt mål formulerast slik: Skapinga er god, men er jamt i ferd med å utvikle seg og verte noko anna. Kvar skapnad har si rolle i denne formingsprosessen og vert som einskildvesen fyrst eitt med Gud og med målsetjinga for allnaturen når det vender attende til Skaparen.

For at mennesket skal kunne snu seg mot sitt eigenlege mål med livet, ja, vende om frå vankunne og mistydingar, må det møte openberinga gjennom Ordet. På dette grunnlaget utviklar Augustin ikkje berre ei lære om forkynninga eller det gudomlege ordet, men legg grunnlaget for ein ålmenn språkfilosofi, ei teiknlære og ei tolkinglære som har vore diskutert gjennom hundreåra fram til denne dag, der han ser all sannkjenning som knytt til språkbruken og språkleg basert forståing. Omveges kommenterer han tidlegare filosofi, og han utviklar eit særskilt syn på rolla til bibellesinga, som også ber med seg ein ålmenn lesesteori.

Det er greitt at å bruke klassikarane til prøvestein for danning ofte kan verke nedlatande og skadeleg; ein del av strategiar for å halde oppe skiljemerke mellom folk. I det siste har norske skulefolk så vel som forfattarar teke opp kravet frå 70-åra om å frigjere oss frå klassikarane. Dei gløymer då at klassiske tekstar, lesne om att og om att med jamt nye augo, gjev nye meiningar lesaren ofte ikkje ventar, og dermed kan frigjere oss frå bindingar vi ikkje var klare over at vi hadde.

Midt i mediemaset kan vi difor oppdage (på nytt) andre tanke-mønster enn dei vi går omkring og trur er våre eigne. Litterære verk vi reknar som klassika-

rar, er mest alltid komne til i svært utfordrande tidsperiodar, når kulturen har gjennomgått endringar. Dei ber såleis vitnemål om særskilde sensibilitetar overfor tilhøvet mellom gammalt og nytt, mellom einskildmennesket og omgjevningane.

AVGJERANDE PÅVERKNAD

Så vi les ikkje Augustin berre av di han var den viktigaste filosofen i Europa gjennom åtte- og ni hundreår, men av di han i vår tid kan minne oss om noko som ligg utanfor våre eigne avgrensingar forståingsmåtar. Denne afrikanaren som var filosof, teolog og retorikar i siste halvta av det fjerde hundreåret etter Kristus, levde nett då antikken kom til ein ende med dekadanse, oppløysing og vanmakt i Romarriket. Luther, Montaigne, Pascal, Rousseau – ja, ufatteleg mange fleire, jamvel opiumsslaven Thomas de Quincey – vart avgjerande påverka av tenkjemåten hans og striden med skeptiske, verdsfornektande og pessimistiske syn på rolla til mennesket.

Både for truande teologar og skeptiske ateistar har Augustin gjennom hundreåra vore ei kjelde til refleksjon over koss vi i det heile er i stand til å vende om frå forvirring og sjølvforakt, underordning under tilfellelege krefter og misbruk av evner og talent, og vinne fram til oppleving av at vi kan ha ein eigenvilje som står i eit aktivt tilhøve til dei store samanhengane vi er del av, anten vi ser dei klårt eller ei. Her får vi då på nytt eit heilt friskt høve til å kunne fylgje Augustin steg for steg gjennom desse «stadene» (*loci*) han går for å observere til dels små, små detaljar, slik at det teiknar seg som eit kart av eit landskap der minnet, gløymsla og forventninga alle spelar sine roller.

GODE HJELPERÅDER

I eit innsiktsfullt etterord forklår Slaattelid noko av den historiske og idéhistoriske bakgrun-

Tydelege kjemper

Komponist Knut Vaages nye orkesterverk er skræ

KONSERT

VAAGE, PROKOFIEV, DVORÁK:

Orkesterverk

MELINA MANDOZZI, Fiolin, BERGEN
FILHARMONISKE ORKESTER, DIR.:
EIVIND AADLAND. Grieghallen i
BERGEN, TORSDAG 3. DESEMBER

«Tittelen *Kyklop* er henta frå gresk mytologi. Kyklopen var ei kjempe med berre eitt auge. Sjølve myten har ikkje

nokon annan funksjon i verket enn å gje frie assosiasjonar hos kvar enkelt lyttar. Orkesteret blir i denne samanhengen behandla som eit energiområde, ein organisme i kamp mellom kaos og konsentrert fokus gjennom eit sjåande punkt.» Slik presenterer komponist Knut Vaage (fødd 1961) det nye orkesterverket sitt. Skrive blei det til Trondheim symfoniorkester og dirigenten deira, Eivind Aadland, som òg leidde bergenspremierer denne kvelden.

RUTEFRAMLEGG

Vaage er ein publikumsvenleg komponist. Ikkje av di han skriv «enklare», meir populær musikk enn kollegaene sine i den norske samtidsmusikken, men av di han er så open om arbeidet og metodane sine i møte med publikum. På ingen måte pleier han den nye musikken som reservert, for han legg opp til ålmenn ferdslse gjennom han – vel med ruteframlegg, men, som det kjem fram av teksten hans over,

overlèt han vegvalet i det muskalske landskapet sitt til lyttarane.

Det uhyrlege ved kyklopane, desse menneskeetande skapnadene med berre eitt auge i panna som hjå Homer lever eit hyrdeliv på øya Thrinakia, var måla tydeleg i orkesteret. Ikkje som godslege kløner à la i Griegs «Dovre-gubbens Hall», men som mørke, drepende kjemper. Dei dulde drønna frå paukane og den slagverkaktige bruken av harpe og

flygel i opninga var effektiv, som eit statisk stemningsbilete frå hola Odyssevs og felagane hans er fanga i i den niande songen i *Odyssevskvædet*. Ljoset fell berre inn frå eitt punkt i orkesteret, og kontrastane får oss til å sjå konturar, utan djupnesyn.

VIRTUOSE UTBRØT

Noko einøygt var det òg over dei unisone strykarane. Effekten av eit samla fiolinapparat som spelar éin og same tone, i byrjinga så

risett på nytt

re spørsmål ein les om.



Det tidlegast kjende portrettet av Augustin, i ein freske frå 500-talet. Lateran, Roma

nen for Augustin og set dei sjølvbiografiske merknadene hans inn i større samanhengar. Her syner Slaattelid òg koss forteljingane til Augustin om egne opplevingar står til overordna filosofiske resonnement. Den lesaren skal vere bra blasert og hardhuda som ikkje etter dette får lyst til å finne ut endå meir.

Ei liste med leseråd er til god fyrstehjelp i så måte. Varleg tolkande mellomtitlar som Slaattelid har lagt til i teksten, fungerer som milde hint og råd om inndelingar av leseøktene og merke på kvar vi er i tankelandskapet. Forlaget har vore så forsynleg å tillate nokre sider med notar og eit godt register bak i boka. Alle hjelperådene lettar i monaleg grad orienteringsevna og gjer boka

langt meir tilgjengeleg enn tidlegare, avstytte utgåver har vore.

Bravo, Samlaget, og takk. Ingen sure miner vil de få for denne boka, som no vil stå seg minst like lenge som fyrstetutgåva og vil vere langt nyttigare på alle vis. Det står berre att å minne om den oppmodinga som førde til at Augustin omvende seg, og som han hørde eit barn i kåt leik rope syngjande utanfor vindauget sitt: «Tolle et lege, tolle et lege» – «Tak og les, tak og les!»

BJØRN KVALSVIK NICOLAYSEN

Bjørn Kvalsvik Nicolaysen er professor i lesevitenskap ved Universitetet i Stavanger og fast bokmeldar for Dag og Tid.

mande effektivt.

svakt at me berre ser tonen spela, men ikkje høyrer han, fekk dette fram. Det fylgjande partiet var av lettare tekstur, vove som eit klangteppe der fråstanden mellom dei melodiske trådane gav høve til små virtuose utbrot frå treblåsarar og fyrstefiolin.

Det er ikkje vanskeleg å vera samd med komponisten i at dette ikkje er «programmusikk», altså musikk komponert til eit handlingslaup. Heller stille bilete enn handling kjennemerker musikken, som alle som har høve, bør få oppleve. Og andre enn bergen-

sarane har hatt høve, for opptaket frå konserten var å høyra på NRK P2 på måndag. Me får vona ikkje pesinga og dei påtekte stønna frå somme av publikummarane i Grieghallen kom med, som gjennom kroppsydar freista å gje uttrykk for den småborgarleg sunne skepsisen sin mot levande komponistar.

SJUR HAGA BRINGELAND

Sjur Haga Bringeland er musikal og fast musikkmeldar for Dag og Tid.



NYNORSK
ANTI KVARIAT
www.nynorskantikvariat.no



Julekatalogen er her

last han ned på
www.nynorskantikvariat.no/75.pdf

Nynorsk Antikvariat AS

Hulgata 11
4900 Tvedestrand
Telefon 37 16 66 66 • faks: 37 16 30 00
E-post: tinging@nynorskantikvariat.no

Antikvariatsbokhandlar:

Arne-Ivar Kjerland
E-post: arneivar@nynorskantikvariat.no
Mobil: 928 29 098



K.A. STRAUMSVÅGS ANTIKVARIAT

16 000 titlar på nett!

6848 Fjærland • Tlf 57 69 22 88 (11-16)
epost: tinging@straumsvaagsantikvariat.no • www.straumsvaagsantikvariat.no

Velkommen til bokhuset på Øvre Verket! Her finner du bøker i de fleste kategorier, samt tidsskrifter og tegneserier. Antikvariatet har egne forlagsartikler.

NOME ANTIKVARIAT

Nome Antikvariat 38 30 Ulefoss • Tlf.: 35 94 54 51 / 97 16 37 88 • E-post: post@nomeantikvariat.no
Besøksadresse: Øvre Verket håndverkstun



NORLIS
ANTI KVARIAT

Kjøp og salg av bøker innen alle kategorier • Katalog på forespørsel

Universitetsg. 18, 0164 Oslo • Tlf: 22 20 01 40
Fax: 22 11 54 69 • E-post: rwaren@frisurf.no
www.antikvariat.net



DEN NORSKE BOKBYEN

Prøv nettbutikken vår! Bøker og gaver på bokbyen.no
Kontortid kl. 9–14 syknedagar • Frå 1. mai er alle utsala opne kvar dag kl 10-18
Tlf. 57 69 22 10 • post@bokbyen.no • http://bokbyen.no/